



Førebels les vi berre om snøfall i aust og på fjellet, men vi vet at ei ny årstid er rundt hjørnet også her i vest.



Toppene på Melderskin har fått eit lett nytt pudderlag og gåso i Nåso (som det ikkje er mykje att av) er snart ein saga blott. Blir ho heilt borte før det kjem ein ny dekorasjon også der?



Men enno har vi ikkje hatt den første frostnatta og blomeprakten er framleis stor både her og der i bygda.

Til dømes er dei praktfulle oppsatsane som sjefsgartnar Edvin har æra for på båtlaget sin grunn framleis i sin finaste prakt .

Og på det barkfylte feltet mellom båthamnvegen og Vertshuset er ein spanande utvikling av sopp på gang. Men vi vil ikkje anbefala hausting og konsum før ein ekspert har vore inne i biletet.

(Fotos: Ola Matti Mathisen)